



Hordaland fylkeskommune
v/ Anne Elisa Tryti

Utne 17. august 2015

Invitasjon til å velja representant til rådet for Hardingfela.no

Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum har saman etablert Hardingfela.no, ei brei satsing som går ut på å styrka og vidareføre tradisjonane knytt til hardingfela. Satsinga er ei vidareføring av prosjektet Hardingfelesenter i Hardanger som vart gjennomført med for- og hovudprosjekt i perioden 2011 – 2014.

Hardingfela.no er i gang med aktivitetar og med utvikling av organisasjonen. I 2015 arrangerer me Master Class Hardanger for tredje gong, Master Class Hardanger International er eit nytt tilbod, og me har satt i gang ei talentsatsing for nokre av dei eldste hardingfelelevane i kulturskulen. Rannveig Djønne er tilsett som prosjektkoordinator i 50% stilling ut året. Me har inne søknader til fleire prosjekt, mellom anna ei satsing knytt til dans og danseopplæring. På sikt vil me etablere nettsida www.hardingfela.no med tanke på brei formidling.

Skal hardingfela.no verta ei satsing som verkeleg visar att treng me auka driftsmidlar. Difor har me no søknader inn både hjå Hordaland fylkeskommune og Kulturdepartementet. Me vonar på ei avklaring i løpet av året.

Parallelt med dette etablerer me organisasjon og styringsstruktur kring Hardingfela.no. I samarbeidsavtalen mellom OBA og HVm som vart inngått 1.1.2015 heiter det at me skal etablera eit råd for Hardingfela.no:

4. Rådet for Hardingfela.no

Samarbeidet i Hardingfela.no blir leia av eit felles råd. Rådet er Hardingfela.no sitt øvste faglege organ. Rådet skal ha møter etter behov, og minst fire gonger i året. Rådet blir leia av ein av partane på omgang med skifte kvart anna år. Ansvaret for første periode skjer etter loddtrekking.

Rådet består av:

Leiar for Hardanger og Voss museum

Leiar for Ole Bull akademiet

Ein representant frå Hordaland fylkeskommune

Ein representant for utøvarmiljøet (Voss/Hardanger spelemannslag)

Rådet kan supplerast etter behov med ein fagperson oppnemnt av kvar av partane

I samband med dette vil me invitere Hordaland fylkeskommune til å nemna opp ein representant til rådet. Me ber om at representanten vert valt inn for to år.

Me reknar med å ha fyrste møte i rådet i løpet av oktober, så det er fint viss de har klar ein representant innan 22. september.

Ta gjerne kontakt for meir informasjon om hardingfela.no.

Beste helsing

Randi Bårveldt (sign)
Direktør Hardanger og Voss museum

Jo Asgeir Li (sign)
Rektor Ole Bull Akademiet

Agnete Sivertsen
Styrar på Hardanger folkemuseum og Agatunet
Agnete.sivertsen@hvm.museum.no tlf: 95 93 46 98